

Program for arbeidet med landbruksplan i Lindås kommune.

I det overordna planprogrammet til kommunen, vedteke..., er det og teke avgjerd om at det skal arbeidast fram ei plan for utvikling av landbruket i kommunen.

Grunngjevinga for er gjere dette har fleire moment:

- Planen skal vere eit styringsdokument for politikarane når dei tek avgjerd om arealbruken i kommunen
- Planen kjem med innspel til næringsutvikling og politikarane får høve til å følgje dette opp
- Landbrukskontoret saman med landbruksnæringa får ein plattform for vidare arbeid med landbruksnæringa i kommunen, der målet er å få til positiv utvikling som peikar framover for eit aktivt landbruk.

Planen skal utarbeidast i eit samspel mellom representantar for landbruket i kommunen, administrasjonen i kommunen og politikarane. Dette trur ein vil sikre lojalitet til dei prioriteringane som er gjort. Planen må ikkje vere statisk. Planen må vere i aktiv bruk som rettesnor for dagleg arbeid, og må verte rullert ofte. Tiltak som er gjennomført må takast ut, og nye tiltak som sikrar vidare utvikling må takast inn. Dette kan vere ein årleg dugnad der landbruksfagrådet og administrasjonen gjer arbeidet.

Planen bør vere del av kommuneplanen, slik at den vert juridisk bindande. I det tilfellet kan planen arbeidast fram som synt nedanfor, og takast inn i arbeidet med rullering av kommuneplanen når det vert oppstart av dette arbeidet.

Arbeidet vert gjennomført under følgjande visjon for landbruket i kommunen:

«aktivt landbruk i levande bygder er grunnlag for nye næringar og vakkert landskap»

Det vert gjort framlegg om følgjande innhald/tema i planen:

- **Oversyn over nositasjonen**
- **Gjeldande rammer for landbruket**
- **Areal**
- **Satsingsområder: skogbruk, mjølkeproduksjon, næringsutvikling**
- **Andre tema**
- **Framlegg til tiltak for perioden 2017 til 2019**

Følgjande aktørar bør/skal vere aktivt med i arbeidet:

Ansvarleg for arbeidet vert landbruksfagrådet og rådmannen. Formannskapet er planstyresmakt og vedtek den endelege planen. Eller dei kan delegere mynde til PM.

Landbrukssjefen har ansvar for gjennomføring av arbeidet med å produsere plandokumentet, og med seg i dette arbeidet har han ei prosjekt gruppe. Det vert gjort framlegg om følgjande medlemmer: Laila Bjørge, Frøydis Haugen, Reidar Konglevoll og (Øyvind Vatshelle).

Alle desse er aktive bønder og representerer ulike sider ved næringa. Dei har forskjellig arbeidsbakgrunn og utdanning som gjer at dei samla sett dekker breidda av dei tema som må diskuterast.

Skogbruk vert handsama i eige kapittel og skogbrukssjefen har ansvar for å gjennomføre utgreiingsarbeidet i samarbeid med landbrukssjefen, som har det overordna ansvaret for heilskapen i planen. Skogbrukssjefen kan nemne opp ei eiga arbeidsgruppe dersom det er trong for det.

Arbeidet med planen og aktivitetar i arbeidet er tenkt lagd opp som følgjer:

november 2015 – presentasjon av planprogrammet og handsaming i PM utvalet om at arbeidet skal settast i gong.

November/desember 2015 – presentasjon av planprogram for landbruksnæringa, innspel frå næringa

Desember 2015 – slutt januar 2016 – utarbeidet framlegg til plan

Februar og første halvdel mars 2016 – prosessmøter med landbruksnæringa

Justering av planen etter prosessmøta

Mars, april og mai 2016 - Presentasjon og diskusjon av planen med fylkesmannen

Justering, finpussing, drøfting saman med landbruksfagrådet

Juni 2016 – vedtak av planen i formannskapet/PM

Sept.	Okt.	Nov.	Des.	Jan.	Febr.	Mars	Apr.	Mai.	Juni
--------------	-------------	-------------	-------------	-------------	--------------	-------------	-------------	-------------	-------------

Start	politisk	kickoff			forslag/prosess				politisk vedtak, slutt arbeid.
-------	----------	---------	--	--	-----------------	--	--	--	--------------------------------

Arbeidet med landbruksplanen vert gjennomført under omsyn til gjeldande lovar og reglar for landbruket og arealbruken:

07.10.15 EB